

Talesyntaks og dialektsyntaks

Helge Sandøy
Nordisk institutt
Universitetet i Bergen

1. Skrift og tale

Stundom blir vi usikre på kva det er sikta til med nemninga *dialektsyntaks*. Bruker vi nemninga *tale(måls)syntaks*, har vi kanskje fått ein term som kan omfatte alt som alle ønskjer å ha med; men dermed har vi òg gjort ein tildekkingsmanøver og unngått ei nærmare presisering av at vi her kan ha å gjere med ulike fenomen.

Vi kan først prøve å avklare dei to omgrepene ‘talemål’ og ‘dialekt’. Den forvirringa som finst, oppstod kanskje da termen ‘talemål’ kom inn på pensumplanane – i si tid for å legitimere at ein tok inn sosiolingvistiske aspekt i studiet. Særleg termen *målføre* var for sterkt knytt til eit tradisjonelt innhald, slik at det var plagsamt for den som ønskte å reklamere for noko nytt.

Dei sosiolingvistiske aspekta er det naturleg å rekle inn under dialektologien, for sosiolektar kan definerast som *dialektar*: Dialektar er variantar av eit språk, og dei dialektane som det er fruktbart å avgrense sosialt, er *sosiolektar*, dei dialektane som det er fruktbart å avgrense geografisk, er *geolektar*. Når det ikkje er viktig å poengere det eine eller andre perspektivet for avgrensing, snakkar vi ganske enkelt om dialektar. (‘Målføre’ og ‘dialekt’ reknar eg som synonym.)

Når vi lagar faglege definisjonar av termane, må vi vere påpasselege med kva perspektiv vi koplar språkomgrepet til. Termen *talemål* har vi bruk for til noko anna enn *dialekt*. Talemål står i naturleg kontrast til skriftmål, og med å bruke mediet som det avgjera kriteriet kan vi etablere distinksjonen *skriftmål* – *talemål*. ‘Talemål’ er altså språk produsert gjennom mediet tale.

2. «Dialektsyntaks» og feilstudiar

Den auka interessa for *talemål* kom med lydbandet, som var ei nyvinning når ein skulle studere naturleg tale. På 60-talet stod ein overfor ein ny material-situasjon ved at ein kunne ta vare på lange sekvensar av naturleg tale og skrive dei nøyaktig

ut. Da kunne sosiolingvistikken vekse fram som ein empirisk disiplin. Men også alt anna studium av naturleg tale kunne gjere eit stort steg framover.

I Lund i Sverige blei det sett i gang eit Talsyntax-prosjekt som skulle studere moderne svensk talemål, det skulle «belysa det svenska talspråkets variation mot bakgrunden av olika extralingvistiska faktorer, t ex sociala, regionala, könsliga, situationella» (Loman 1972: 58). Her blei det utvikla ein modell for analyse av makrosyntagme og mindre syntagme i talemålet. Eine formålet var å studere variasjon i talen.

Denne svenske tradisjonen blei ført vidare i TAUS-prosjektet, og seinare i andre sosiolingvistiske prosjekt i Noreg. Typisk for desse prosjekta er at dei er opptekne av såkalla *feilanalsysar*. Men det blir raskt foydd til i prosjektrapportane at det eigentleg ikkje er *feil*, berre avvik frå skriftmålssyntaksen, og at ein ikkje har funne noko anna ord på omgrepene. Desse feila eller avvika frå skriftsyntaksen blei sedde på som nettopp særdrag ved talesyntaksen, og det blei utvikla vyar om at talemålet hadde sin sjølvstendige syntaks, som kunne studerast med denne innfallsvinkelen.

I denne tida fekk vi òg ei begeistring for dialektane. Språkpolitisk var det både viktig og riktig å poengtere den sjølvstendige statusen åt talemålet og dialektane. Talesyntaksen skulle ein studere på dialektens eigne premissar; det blei òg hevdat at den tradisjonelle grammatikkteorien (inklusiv TG) ikkje var eigna til å gripe talesyntaksen. Ein måtte leite etter radikalt nye syntaksmodellar.

Proporsjonane i vyane kan vi sjå av at det store sosiolingvistiske prosjektet TAUS var meint som starten på eit mye større prosjekt:

«det burde bygges opp et nytt prosjekt: Norsk talemålssyntaks, med parallelle undersøkingar i andre by- og bygdemål.» (Hanssen et al. 1978: 1.)

Det kom i gang mindre sosiolingvistiske prosjekt andre stader i landet, men fåe med fokusering på syntaktiske problemstillingar.

Det er nærliggjande å tolke det slik at desse *talesyntaksprosjekta* studerer særdrag ved *dialektsyntaksen*. Det finst dialektbeskrivingar der det meste av syntakskapitelet går med til å beskrive nettopp «feiltypar»: avbrott, anakolutiar og andre «glepp». Dersom desse talesyntaksstudiane skulle representera ein metode å gripe *dialektgrammatiske* særdrag med, ville dei opne for radikale teoriar og hypotesar, for dei ville implisere f.eks. at *dialektsyntaksen* er open for anakolutte setningar, utelating av subjekt, osv., på ein annan måte enn skriftmålet er det. Her er det at det begynner å bli litt plagsamt at det ikkje er gjort forskjell på ‘talemål’ og ‘dialekt’.

Det som her er gjort til studieobjekt, er neppe dialektspesifikke syntaks-eigenskapar. For det første har eg vanskeleg for å tru at det er dialektvariasjon i

mønsteret for avbrott, anakolutiar osv. For det andre har ein bevega seg bort frå det setningsgrammatiske; det ein beskriv, gjeld situasjonsbunden diskurs og tekststruktur. Kommunikasjonssituasjonen og diskursen tillèt oss å lage «feil», slik at også den som snakkar dialekt, vil kunne rette på seg sjølv når han har produsert såkalla feil, f.eks. ei anakolutt setning, dersom han er i ein slik kommunikasjonssituasjon at han finn det naturleg, og at han har tid til å rette på sin eigen tale. Denne korrekjonen kjem ikkje av at han har lært skriftnorma så godt at han føler at han må rette opp for å komme i betre samsvar med den. Rettingane kjem fordi talaren veit kva som er dialektnorma når situasjonen krev dialektgrammatisk korrekte setningar. Dialektgrammatikken krev fullstendige og fullkomne setningar likeins som skriftmålsgrammatikken gjer det. Men dialektane i form av talespråk vil svært ofte vere brukte i kommunikasjonssituasjonar som tillèt slike «feil» – fordi kommunikasjonen ikkje blir hemma av dei. Ikkje fullgodt planlagde og dermed syntaktisk ikkje-fullkomne setningar er endatil mest veleigna i visse situasjonar. Det ville kort og godt vere unaturleg, tilgjort, eit uttrykk for mangel på spontanitet, intimitet og engasjement dersom ein brukte fullkommen syntaks i visse situasjonar.

3. Talespråk og språknorm

Talemålet kan studerast i ulike perspektiv: Ein kan vere oppteken av 1) sjølve mediet, 2) språkbruksproduksjonen og pragmatiske vilkår, og 3) normene som gjeld for bruken av talemålet.

Om vi her har brukt mediet som kriterium til å skilje med, treng vi ikkje interessere oss for sjølve mediet etterpå. Skulle vi det, måtte vi fokusere på skilnadene på fonetikk og ortografi. I visse samanhengar er dei viktige; men i andre samanhengar held vi dei utafor.

Det å bruke tale, gir ofta spesielle vilkår for språkproduksjonen, som f.eks. avgrensa oversikt over heile ytringa og mangel på planlegging av formuleringane. (Jf. Hanssen 1982 om språkpsykologiske aspekt ved ‘taleglepp’.) Det gjer at avbrott og anakolutiar kan vere eit resultat av slike faktorar, og dei kan samanliknast med skriftspråket i kladdar som ein noterer ned i rasande fart, dvs. når skriftproduktet blir produsert under liknande vilkår som talemålet. Slik språkbruk fungerer godt når samtalepartane er innforståtte med kvarandre og kanskje hjelper kvarandre i resonnementet – eller når den som skal lese notata, er ein sjølv eller ein som var på same møtet.

Fenomen som avbrott og anakolutiar treng altså ikkje vere spesielle for talemålet, for dei kan vere resultatet av situasjonen ein bruker språket i. Dei har med sjølve *språkproduksjonsvilkåra* å gjere, og er såleis ikkje eit fenomen styrt

av normer. (Men på hi sida kan ein seie det er normstyrt kor mye ein godtek av slike «tempo-fenomen».)

Det tredje perspektivet er å interessere seg for det i talemålet som er styrt av ‘språket’ som sosial norm. Kanskje viktigaste innfallsvinkelen vår til språkstudiet er nettopp at språksystemet representerer eit sett av normer som fungerer som ein sosial institusjon eller kontrakt. Her kan vi også rekne grammatikken som sosial norm (i saussuresk forstand). Når vi interesserer oss for f.eks. kjønnsforskellar i språket, er det dei ulike språknormene for menn og kvinner vi fokuserer på – ikkje det at kvinnene har høgare grunnfrekvens i talemålet sitt. Det siste hører til domenet *natur* – vi er interesserte i språket som *kulturfenomen*. Skal vi reindyrke dette siste perspektivet, kan det vere formålstenleg å halde ute fenomen som er knytte til dei to perspektiva medium og produksjonsvilkår.

Med distinksjonane som alt er gjorde ovafor, kan vi presisere at vi innafor ‘talemålet’ vil interessere oss for normforskjellane på skrift og tale. Da kan det vere interessant å undersøke om f.eks. alt norsk talemål har felles syntaktiske språkdrag som vi ikkje finn att i skriftmålet. I så fall finst det ulike *språknormer* for talemålet og skriftmålet som ikkje kan grunngivast ut ifrå mediet eller produksjonsvilkåra. Talesamfunnet og skriftsamfunnet har da ulike grammatikkar, og ein kan stille neste spørsmål: Korfor er det slik?

4. Talenorm – skriftnorm

Eg trur alle nordmenn uttrykkjer seg med setningar som:

- (1) Han tok og slo av lyset

Derimot seier dei ikkje

- (2) *Klokka tok og ringte

Og seier ein (3), uttrykkjer setninga noko anna enn (4) gjer:

- (3) Ho tok og kjørte på fotgjengaren
- (4) Ho kjørte på fotgjengaren

Denne *ta å-konstruksjonen* er ein *voluntativ konstruksjon*, han uttrykkjer at subjektet for handlinga utfører handlinga med ein vilje. Derfor føreset slike konstruksjonar eit subjekt som *kan ha* ein vilje, og dermed blir (2) ugrammatisk

for ‘klokke’ kan ikkje ha vilje. Og setning (3) vil gjelde eit overlagt drap, eller forsøk på drap – for å tolke semantikken i juridiske termar.

Dersom eg har rett i at alle nordmenn bruker slike setningar, er det tale om *ein overdialektal konstruksjon*. Han er allmennorsk. Men derimot er han ein særprega talemålskonstruksjon, for han har ikkje fått innpass i normalprosastilen i skriftmålet. Har det noko med innhaldet i konstruksjonen å gjere, at han f.eks. er for redundant? Eller har det noko å gjere med dei typiske situasjonane ein bruker skrift og tale i? Eller skuldast det noko tilfeldig i skriftspråkhistoria vår? Ikkje veit eg.

Eit anna eksempel er «konflikten» mellom skriftnorm og talenorm i bruken av tidskonjunksjonane *da* og *når*, der dialektane ikkje skil etter regelen i skriftmålet om «ein gong da og kvar gong når» osv. Her er det skriftmålet som tvingar på oss ein ukjend distinksjon; vi veit kva problem det fører til i skriveopplæringa. Her er det klart skriftspråkhistoria som har skapt ein normforskjell på talesyntaks og skriftsyntaks.

Venstre- og høgre-utflyttingar i talemålet er styrte av intrikate grammatiske reguleringar (Faarlund 1980 og Fretheim 1977). Desse ledd-dobblingane tener som temamarkørar, men dei føreset at temaet er kjent for mottakaren. I tillegg er det slik at mens høgre-utflytinga føreset at temaet alt er aktualisert i samtalens, er venstreutflytinga nettopp ei aktualisering:

- (5) Kinoen i kveld, kva tid begynner han?
- (6) Der hadde vi kvar vår tørn kvar fredag, vi jentene

Desse språkdraga er heller ikkje komne inn i skriftsyntaksen, kanskje både fordi dei representerer distinksjonar som kjennest for redundante i skriftlege tekstar, og fordi dei er for mottakaravhengige. Som grammatiske fenomen er dei overdialektale i norsk, men særspåklege, dei gjeld nemleg ikkje i alle andre språk. Såleis er dei eit normfenomen og ikkje noko som er knytt til sjølve taleproduksjonen.

I overflatisk omtale blir somme talemålsdrag omtalte som *talefyll*. Ein slik omtale undervurderer den grammatiske regularitetten som vi her har sett. Ta f.eks. også bruken av *da*:

- (7) Og da var det broren min da, som bor på Ekeberg, og jei da, som ...

Det andre da-et i denne setninga etter *broren min* er eitt av slike «innhaldslause» ord, som her truleg berre har som funksjon å framheve leddet. Men det interes-

sante er at slike *da* ikkje kan dukke opp kvar som helst i setninga. Dersom vi her hadde hatt ei restriktiv leddsetning etter, kunne vi ikkje hatt dette *da*-et:

- (8) *Og da var det broren min da som bor på Ekeberg, og jei da, som ..

(Her er det restriktive markert med at kommaet er tatt bort.) Derimot kan det stå etter heile førsteleddet i paratagmet:

- (9) Og da var det broren min som bor på Ekeberg, da og jei da, som ...

Igjen kan vi kanskje våge oss til å foreslå at det er pga. redundansen at heller ikkje dette draget har vunne innpass i skriftsyntaksen.

Nesten alle dialekter i Noreg har pronomener framom personnamn når personane blir omtalte, men derimot ikkje i tiltale (dvs. «vokativ»): *han Olav*. Utbreiinga er så stor at ho kunne ha vore grunn god nok til at det nye landsmålet i førre hundreåret skulle ha teke konstruksjonen i bruk. Men det har aldri vore aktualisert. Dette skaper vel heller ikkje dei store konfliktane når det gjeld *Han Olav*-typen, der skilnaden einast er at ein sløyfar pronomenet (altså ein distinksjon) i skriftmålet. Større er konflikten når *bilen hans Olav*, som er den naturlege eigeforma der ein har pronomemonstruksjonen, skal overførast til eit preposisjonsuttrykk, anten *bilen til Olav* eller *bilen åt Olav*. Denne normalskilnaden på skrift og tale har neppe si årsak i «dialektalitet», men i normhistoria vår.

Eit anna konfliktområde mellom skriftsyntaks og talesyntaks er plasseringa av setningsadverbialet i leddsetningar. Det verkar som dialektane i store delar av landet kan ha såkalla ‘hovudsetningsleddstilling i leddsetningar’. Men ho er ikkje berre tillaten, ho er også ei markering av ein semantisk distinksjon. Språkkonsulentar som er trugne mot skriftstilen, rettar ofte setningar som (10) til (11):

- (10) Folk har i dag utvikla så mye sjølvkjensle at dei finn seg ikkje i kva som helst!
- (11) Folk har i dag utvikla så mye sjølvkjensle at dei ikkje finn seg i kva som helst!

Ved ei slik retting er mye gått tapt, for den talaren som bruker (11), kan knapt slå i bordet når han seier setninga, ettersom det er mest naturleg å tolke ho som eit referat av kva andre meiner. Første varianten understrekar nettopp at talaren sjølv går god for påstanden i setninga. Dette nyttige modalitetsuttrykket har altså ikkje

fått plass i skriftsyntaksen trass i stor talemålsutbreiing. Her òg må det vere «maktførhold» i normeringshistoria vår som har låst skriftsyntaksen til eitt mønster.

Vi har altså normforskjellar på skriftsamfunnet og talesamfunnet som ikkje har si årsak i mediet eller produksjonen. I alle språksamfunn kan det nok finnast slike forskjellar som treng ei normhistorisk forklaring. I f.eks. færøysk finst det interessante fenomenet at «presenteringskonstruksjonen» kan brukast i *talemålet* ved både transitive og intransitive verb, slik som ein kan bruke han i islandsk i både skrift og tale:

- (12) *Það fara margir hestar yfir ána*
- (13) *Það reru tveir menn báti yfir fjörðinn*

Men i færøysk *skriftmål* bruker ein han berre ved intransitive verb, slik som i skandinaviske språk. Dette er ei underleg normløsing når dette skriftmålet i så høg grad har prøvd å markere avstand til dansk.

5. Dialektsyntaks

Omgrepet ‘dialekt’ er definert som variant av eit språk, og den naturlege oppfølginga av punkta ovafor er å fokusere på *normforskjellane* innafor talesamfunnet. Dersom vi ønskjer å nærme oss eit snevert dialektsyntaksomgrep, kan vi «skrelle av» generelle norske talesyntaksfenomen. Som vi har sett ovafor, er ikkje eit avvik frå skriftsyntaksen det same som eit dialektalt drag.

Syntaksen har ikkje vore det mest dyrka feltet innafor dialektologien. Vi kan demonstrere noko av korleis dialektinteressa har spreidd seg på dei ymse grammatiske nivåa: Eg har talt opp titlane som er registrerte under fire beskrivningsnivå i *Norsk dialektbibliografi* (Nes 1986). Der er 232 titlar under fonologi, 135 under morfologi, 28 under syntaks og 207 under ordforråd. Det vil seie at 4,6 % gjeld syntaks.

Desse store skilnadene har neppe berre med ei skiftande interesse å gjere. Dei skuldast òg noko graden av variasjon. Innafor norsk språk er det nok mest dialektvariasjon på det fonologiske nivået, men det er ikkje mye mindre på det morfologiske. Minst er truleg variasjonen på det syntaktiske nivået. Dette er ikkje meir enn ein tokke eg har, men Richard Hudson i *Sociolinguistics* meiner det same når det gjeld forholdet mellom syntaks og fonologi i engelsk. Han sannsynleggjer det som eit generelt trekk ved språk.

Eg skal her gi nokre eksempel på emne som norsk dialektsyntaks kan by på:

Svært mange dialektar har samansetningar som

- (14) innkommen
- (15) avbroten

sjølv om verba heiter *komme inn* og *bryte av*, og altså ikkje *innkomme* og *avbryte*, som det kan heite i bokmålet. I dialektane som skiftar mellom samansetjing og ikkje-samansetjing, skjer saman-setjinga i perfektum partisipp, men ikkje i supinum:

- (16) Han har innkomme

Dette er også innfanga i nynorsk-norma, jf. Hellevik 1971: 158. Men mange dialektar kan dessutan ha samansetjing også i passiv infinitiv:

- (17) Huset skal fråflyttast snart
- (18) Ho må påhugsast

I romsdalsk er det ukurant utan samansetjing:

- (19) *Huset skal flyttast frå snart
- (20) *Ho må hugsast på

Her ser vi altså at samansetjing endatil er det einaste gangbare.

Dette draget er historisk sett ei nyutvikling i færøysk og mange norske dialektar (Sandøy 1976). I somme dialektar omfattar mønsteret ikkje berre enkle retningsadverb og preposisjonar, det kan òg omfatte adjektiv og preposisjonsuttrykk:

- (21) Han var uti-grøfta-dotten
- (22) Båten er på-land-igjen-dregen
- (23) Båten blei frå-honom-stolen

Dei siste eksempla (21-23) er forresten neppe særleg gangbare i skriftleg norsk, verken nynorsk eller bokmål. Når det gjeld dei enklare eksempla i (17-18), er dei meir akseptable.

Eit nærliggjande dialektsyntaktisk fenomen eg gjerne skulle ha sett nokon ta opp, er passivvending der ein gjer styringa til subjekt. Her skjer det truleg ei rask utvikling i norske dialektar i dag. Mange kan produsere setningar som:

- (24) Dei blei godt tekne vare på
- (25) Han blei reagert på
- (26) FN-styrkane er blitt skotne på

I min romsdalske grammatikk er slike passivvendingar umoglege. Eg veit mange andre òg har strenge restriksjonar mot ein del slike passivvendingar. Det akseptable alternativet er å bruke upersonleg passiv:

- (27) Det blei teke godt vare på dei
- (28) Det blei reagert på han
- (29) Det blei skote på FN-styrkane

Også svensk er i rask utvikling når det gjeld slike konstruksjonar. I nabolandet vårt talar ein om meir og mindre «subjektbenägna» objekt.

I bruken av ubestemte pronomener det ein del forskjellar på dei norske dialektane. Éin gjeld bruken av *somme*:

- (30) Der vart Språkrådet bede om å ta opp nye skrivemåtar i somme ord.

Ei slik setning skurrar for meg; i den aktuelle konteksten krev mitt språkøyre *nokre*, fordi *somme* er markert for ikkje-spesifikk referanse og distributivt innhald (Sandøy 1987). Denne setninga må – og det er enda tydelegare ut ifrå konteksten – nemleg vise til ei viss gruppe ord som blei behandla i Språkrådet. Vi kan berre slå opp i årsmeldingane og finne dei aktuelle orda, og det vesentlege: Skribenten kjenner til dei. I denne setninga må det vere tale om spesifikk referanse. Det viser seg at denne bruken er heilt akseptabel etter grammatikken i austlandske dialektar. Der kan *somme* referere til ei lita gruppe, noko som kunne svare til uttrykket ‘ein del’, som også kan gå på spesifikke objekt.

6. Data

Når ein arbeider med talesyntaktiske konstruksjonar, er ein avhengig av å eksperimentere ein del med både seg sjølv og andre. Da opplever ein fort at folk blir usikre når ein lèt dei reagere på kor brukande ei setning er. Dette problemet kan bli ekstra stort når ein spør etter dialektdrag som vik av frå skriftmålet – for folk har ofte stø skriftmålskjensle, men greier ikkje samtidig å skilje mellom skriftkompetansen og talekompetansen sin.

Eg hadde ei tid litt problem med den normative regelen i nynorsk om at partisippet skulle samsvarbøyast med det formelle subjektet, altså:

(31) Det er komme tre karar hit

Etterkvart oppdaga eg at også andre hadde same problemet, for eg såg det blei prestert feil i nynorsk. Ved ei undersøking av samsvarbøyning i norske dialektar kom det fram at vestlandsdialektane har som system at ein samsvarbøyer partisippet med det potensielle subjektet, noko som svarer til at visse andre språk talbøyer finnitt i samsvar med det potensielle subjektet (Sandøy 1988):

(32) Det er komme tre karar hit

Her ba eg ei mengd andre personar reagere på setninga, om dei aksepterte ho eller ei. Svara var eintydige nok når det gjaldt dette eksempelet. Vanskelegare å få eintydige svar var det derimot da eg prøvde setningar som (33), og enda meir (34) med *bli*:

- (33) Det er allereie sende tre brev om saka
- (34) Det blir innkjøpte berre tre bilar

I siste setninga er det fåe som vil ha samsvarbøyning med det potensielle subjektet. Og konklusjonen er at det vestlandske syntaktiske mønsteret er mest eintydig når det er tale om resultativ tyding i partisippet. I reine passive setningar forsvinn denne typen kongruens hos fleire og fleire. Men ikkje absolutt alle.

Det er eit interessant fenomen at det ikkje er lett å få eintydige svar, at informantane er usikre. Det kan nok finnast geografiske mønster i uvissa òg, og dei kan tolkast som resultat av historisk spreiling. Men det er også visse fenomen som er «grammatisk» marginale, og som språkbrukarane «har lov» å vere usikre på. Det er noko ein må ta omsyn til når ein samlar inn data. Dette vil gjelde syntaktiske studiar meir enn morfologi og fonologi.

Når ein bruker spørjelister, må ein leve med den situasjonen at ein må generalisere og slutte seg til noko ut ifrå kva *dei fleste* svarer. Det kan komme av at setningane anten er marginale eller for kontekstavhengige. Da blir full semje eit umogleg krav. Ved ein spørjelistetest fekk eg f.eks. reaksjonar som dette:

(35)

1 2 3 4

- - - +

+ + + ?

a) Fisken som blei pålanddregen, hadde berga Sørgrenda

b) Fisken som blei dregen på land, hadde berga Sørgrenda

I eit slikt tilfelle må ein kunne vere så dristig at ein konkluderer med at variant b) er den som er brukande, og variant a) er uakseptabel. Ein informant – her nr. 4 – som er tydeleg forvirra, må ein ha lov å oversjå. Det kan vere at han tolkar setninga inn i ein kontekst eg ikkje har tenkt på.

Det er nytig å teste ut andre personar gjennom spørjelister. Gjennom kvantitetten i dataa kan ein slutte seg til graden av akseptabilitet. Dersom idelet er å teste mot naturleg tale prestert under naturlege vilkår, kjem vi ikkje langt i syntaktiske arbeid. For det første kan vi da i prinsippet ikkje få testa grensene for grammatikalitet. For det andre bruker fangsten på belegg – sjølv etter lang lytting på band – jamt over å bli svært liten. Belegga er ofte så fåe at denne arbeidsmåten sjeldan er verd innsatsen.

Da blir nettopp spørjelister beste alternativet. Fordelane med dei er: 1) belegga ein får, blir identiske, dvs. at dei kan samanliknast, og 2) ein får relativt mye materiale på ein lettvinne måte. Det siste er viktig i dialektgranskningar der spørsmålet om utbreiing er viktig. I slike studiar er ein avhengig av å få inn opplysningar frå mange personar, og da ser eg ikkje anna enn at spørjelister er eit godt arbeidsverktøy. Har ein sikra at ein har fleire testsetningar på same fenomenet, minkar risikoien for at noko blir totalt avvist som i realiteten er akseptabelt i vedkommande dialekt. Ulempene er der òg sjølv sagt: 1) Dei som svarer, er kanskje ikkje så gode stilistar at dei utan vidare greier å skilje mellom dialekt-kompetansen og den skriftmålskompetansen ein har fått innprenta. (Spørjelistene er jo nettopp skriftlege.) 2) Største ulempa er nok at ein ved større geografiske granskningar ikkje har kontakt med informantane, og dermed har ein ikkje kontroll med korleis setningane blir tolka. Sjølv om ein er påpasseleg med å legge inn ein kontekst som skal binde dei moglege tolkingsmåtane, er ein aldri trygg på at informantane er einige om alle modalitetar. Ein veit frå eiga røynsle at ein kan sitje og avvise ei setning ein dag. Men så neste dag blir ein merksam på ein eller annan kontekst der ho likevel ville vere heilt naturleg å bruke.

Denne ulempa kan ein motverke med eit stort materiale. Vi har ein nokså bra kontroll ved at ein oppdagar markerte avvik på kartet. Ein informant som oppfører seg spesielt inne i eit elles homogent område, kan mistenkjast for å vere ein därleg informant, og det kan ein ta omsyn til. Der kan ein gå inn og lage ekstra-kontroller dersom den geografiske detaljen er viktig.

7. Oppsummering

I talesyntaksen kan det vere formålstenleg å skilje mellom fenomen som har si årsak i medium, språkproduksjon og normer. Avgrensar vi oss til normene, kan

studiet av dialektsyntaks reknast som ein del av talesyntaksstudiet ved at det fokuserer på *variasjonar* i normene for taletmålet (og ikkje *avvik frå skriftmålet*).

Talen har sin sjølvstendige syntaks i den forstand at ein finn mange særdrag som er grammatiske regulerte, men som er ukjende for skriftsyntaksen. I talemålsstudiet kan ein såleis studere ei spenning i normer mellom skriftsamfunnet og talesamfunnet, og løysinga på denne spenninga kan ha si politiske og kulturhistoriske forklaring.

Referansar

- Faarlund, Jan 1980: *Syntaks i funksjonelt perspektiv*. Oslo - Bergen - Tromsø: Universitetsforlaget.
- Fretheim, Thorstein 1977: «Dislocation Phenomena in Norwegian.» I: Fretheim, Th. og L. Hellan (red.): *Papers from the Trondheim syntax symposium 1977*. Trondheim.
- Hanssen, Eskil 1982: *Talegrípp*. Oslo: Novus.
- Hanssen, Eskil et al. 1978: *Oslomål. Prosjektbeskrivelse og syntaktisk analyse av oslomål med henblikk på sosiale skilnader*. (Talemålsundersøkelsen i Oslo. Skrift nr. 6. Hovdrapport.) Oslo: Novus.
- Hellevik, Alf 1971: *Norsk på ny. Nynorsk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hudson, R. 1980: *Sociolinguistics. An introduction*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Loman, Bengt 1972: Om talespråkets varianter. I: Loman, B. (red.): *Språk och samhälle*. Lund: Gleerups.
- Nes, Oddvar 1986: *Norsk dialektbibliografi*. Oslo: Novus.
- Rosen, Harold 1972: *Language and Class. A critical Look at the Theories of Basil Bernstein*. Bristol: Falling Wall Press.
- Sandøy, Helge 1976: *Laust samansette verb i vestnordisk. Ein samanliknande leddstillingsanalyse for islandsk, færøysk og romsdalsmål*. (Mag.avh.) Oslo.
- Sandøy, Helge 1987: «Eitkvart om somt, men neppe noko om alt. Om 'ei nokre' pronomen i romsdalsk.» I: Bull, Tove o.fl.: *Mål og medvet. Heiderskrift til Kjell Venås på 60-årsdagen 30. november 1987, frå vener og lærarveinar*. Oslo: Novus. 150-178.
- Sandøy, Helge 1988: «Samsvarbøyning av adjektiv og perfektum partisipp i norske dialektar.» I: Bjørkum, Andreas og Arve Borg (red.): *Nordisk studiar. Innlegg på den tredje nordiske dialektologkonferansen 1986*. Oslo: Universitetsforlaget. 85-117.
- Sandøy, Helge 1992: «Indefinite pronouns in Faroese.» I: Lonna Louis-Jensen o.fl. (red.): *The Nordic Languages and Modern Linguistics 7*. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag. 547-554.
- Venås, Kjell 1991: *Mål og miljø. Innføring i sosiolinguistikk eller språksosiologi*. Oslo: Novus.